

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kommunestyret
Møtedato 04.04.2019
Møtetid: Kl. 08:30 - 09:50
Møtestad: Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 20, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Harald Boge	A
Nils Aadland	A
Olaug Karin Øystese	A
Vidar Tveiterås	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Solveig Vassenden	BL
Gunnar J. Bruvik	FRP
Odd Arne Haga	FRP
Arild Røen	H
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Inge Aasgaard	KRF
Monica Tjønnå	SP
Øyvind Røen	SP

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Bright Olav Gåsdal	A	Roger Gjerde Urås	A
Karl Bård Kollbotn	FRP		
Øyvind Strømmen	MDG	Petersen, Magni	MDG
Jon Magne Bogevik	UAVH	Ingvild Raftevoll Bogevik	FRP

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Jan Erik Boge, rådgjevar

Vedlegg til møteprotokollen:

- Svar på grunnjevne spørsmål frå kommunestyregruppa i Frp
- Brev frå fylkestannlegen om tannhelsetilbodet til innbyggjarar i Samnanger kommune

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 12.04.2019

Knut Harald Frøland
ordførar

Jan Erik Boge
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
013/2019	19/331	Faste saker	
014/2019	18/1794	Søknad frå ordførar om foreldrepermisjon/fedrekvote	
015/2019	18/1480	Prioritering av søknader 2019 - tilskot til lokale kulturarenaer	
016/2019	19/130	Årsmelding 2018 for kontrollutvalet	
017/2019	18/1514	Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - Valdato	

SAKNR. 013/2019: Faste saker

04.04.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste:

Godkjent utan merknader.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

Orienteringssaker:

Svar frå fylkestannlegen

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at det har kome svar frå fylkestannlegen på kommunen sin søknad om å behalda tannlegetenesta på Tysse gjennom ein privatpraktiserande tannlege. Fylkestannlegen konkluderer i brevet med at det ikkje er aktuelt å inngå avtale med ein eventuell privatpraktiserande tannlege på Tysse om behandling av rettigheitspasientar. Brevet ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Svar på lovlegkontroll av vedtak om finansiering av bygging av nytt bufellesskap (kommunestyresak 039/2018)

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til Fylkesmannen sitt svar på lovlegkontrollen som låg ved møteinnkallinga. Fylkesmannen sin konklusjon er at kommunestyret si avgjerd i saka er lovleg.

Møte om samferdse

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til at Samnanger kommune ikkje vart invitert til planforum for kommunedelplanen for Tokagjelet. Ordføraren har vore i kontakt med både fylkeskommunen og Statens vegvesen, som beklagar at Samnanger ikkje vart invitert. Ordføraren har invitert både Statens vegvesen og fylkeskommunen til formannskapsmøtet 23.05.2019. Det vil der bli sett av god tid både til informasjon og spørsmål om store samferdsleprosjekt i randsona til Samnanger, spesielt E16 og Tokagjelet.

Grunngjevne spørsmål:

Grunngjevne spørsmål frå kommunestyregruppa i Frp

Odd Arne Haga (Frp) las først opp spørsmåla. Etter dette las rådmann Charlotte Hageberg opp administrasjonen sine svar. Spørsmåla og administrasjonen sine svar ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Utvalet sitt kvarter:

E-post på folkevalde sine kommunale iPad'ar

Sture Tveit (H) viste til at e-post på dei folkevalde sine kommunale iPad'ar har slutta å fungera, og spurde om når dette blir ordna. Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at dette problemet heng saman med flyttinga av kommunen si IKT-drift som vart gjort sist veke, og at alle tenester enno ikkje har kome på plass igjen. Han orienterte vidare om at IKT Nordhordland har oppretta e-postkontoar for dei folkevalde i Samnanger, men at det må gjerast ein manuell installasjonsjobb på kvar iPad før e-posten kjem opp igjen. Dette vil bli gjort så snart som mogleg.

Minibanken på Bjørkheim

Sture Tveit (H) viste til at minibanken på Bjørkheim har vore ute av drift den siste tida. Han spurde om kommunen kan ta kontakt med Sparebanken Vest vedrørende dette. Seinare under utvalet sitt kvarter orienterte Harald Boge (A), som arbeider i Sparebanken Vest, om at det er problem med nettverksleverandøren den siste tida som er årsaka til at minibanken har vore ute av drift. Det vert arbeidd med å løysa desse problema. Harald Boge orienterte òg om at det ikkje er planar om å leggja ned minibanken på Bjørkheim.

Toalettforholda ved Fossenbratte

Monica Tjønnå (Sp) viste til problema med toalettforholda ved Fossenbratte, og spurde om kommunen har gjort noko for å prøva å få løyst dette. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at dette er ei krevjande sak. Han har vore i møte med Statens vegvesen om saka fleire gongar. Tilbakemeldinga frå Statens vegvesen er at dei meiner det er kommunen sitt ansvar å utvida toalettkapasiteten ved Fossenbratte. Det er enno ikkje funne løysing på problema. Ordføraren viste òg til moglegheitsstudiet for Fossenbratte, som skal vera klart i løpet av våren. Inntil vidare vil ikkje ordføraren tilrå at kommunen skal bruka mykje pengar på eit område han meiner Statens vegvesen bør ta ansvar for.

Tannlegetenesta på Tysse

Odd Arne Haga (Frp) viste til fylkestannlegen sitt avslag på kommunen sin søknad om å behalda tannlegetenesta på Tysse. Han oppmoda alle partia i kommunestyret om å jobba opp mot fylkespolitikarane sine for å få omgjort vedtaket.

Status for byggeprosjektet på Skottabakken

Øyvind Røen (Sp) spurde om status for byggeprosjektet på Skottabakken. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte etter dette om status. Prosjektet ligg 4-5 veker bak skjema, primært som følge av at det har vore nødvendig å køyra vekk svært mykje massar frå byggetomta. Rådmannen orienterte òg om at det vil bli nokre millionar kroner i ekstra utgifter som følge av dette, men ho kunne ikkje talfesta dette no. Ho viste i samband med dette til at det er sett av nokre millionar kroner til uføresette utgifter i dette prosjektet. Innflyttinga i det nye bufellesskapet må truleg forskyvast nokre veker i forhold til opprinneleg plan, for eksempel til ca. 01.02.2020.

Status for sjukefråvær m.m.

Nils Aadland (A) bad om status for sjukefråværet i kommunen og status på personalsida. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at sjukefråværsstatistikken pr. mars 2019 enno ikkje er klar. Ho orienterte kort om tendensar vedrørende sjukefråværet i januar og februar. Det er utfordringar knytt til sjukefråvær hos nokre leiarar. Rådmannen vil senda ut sjukefråværsrapport pr. mars til kommunestyret så snart den er klar.

Rådmannen gav òg ein statusrapport vedrørende arbeidssituasjonen, pågåande prosjekt, revisjonar, tilsyn, utfordringar m.m. i organisasjonen.

Samrøystes vedtak.

KS- 013/2019 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 014/2019: Søknad frå ordførar om foreldrepermisjon/fedrekvote

04.04.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg om følgjande tillegg i forhold til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"I perioden 17.06.2019 – 24.10.2019 er varaordførar Øyvind Røen permittert frå undervisningsstillinga si og vil fungera som ordførar i 60 %. Han får difor utbetalt 60 % av full ordførargodtgjersle i heile denne perioden, men kommunen betalar ikkje pensjonspremie for denne godtgjersla."

Sture Tveit (H) spurde om det må veljast ny mellombels varaordførar dersom varaordførar Øyvind Røen (Sp) skal gå inn som fungerande ordførar. Øyvind Røen svara at det er tenkt at dette ikkje er nødvendig, fordi ordføraren vil fungera i 40% og at det derfor truleg ikkje er nødvendig med ein tredje person i denne "kabal".

Olaug Øystese (A) stilte spørsmål om Knut Harald Frøland er ugild i denne saka.

Det vart bestemt at kommunestyret skulle røysta over gildskapen til ordføraren. Øyvind Røen spurde etter dette om òg varaordføraren sin gildskap skulle vurderast. Det vart bestemt at òg varaordføraren sin gildskap skulle vurderast.

Knut Harald Frøland gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans, og Øyvind Røen gjekk inn som setjeordførar under denne handsaminga. Knut Harald Frøland vart funnen gild med 18 mot 1 røyst. Olaug Øystese (A) røysta for at han var ugild, dei andre 18 representantane røysta for at han var gild.

Øyvind Røen gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans. Han vart funnen gild med 18 mot 1 røyst. Olaug Øystese (A) røysta for at han var ugild, dei andre 18 representantane røysta for at han var gild.

I røystinga i saka vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Knut Harald Frøland sitt framlegg. Knut Harald Frøland sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 014/2019 Vedtak:

Ordførar Knut Harald Frøland får innvilga 60% foreldrepermisjon i følgjande periodar:

- 17.06.2019 – 12.07.2019
- 12.08.2019 – 24.10.2019

Ordføraren må søkja NAV om å få utbetalt foreldrepengar i permisjonstida. Samnanger kommune utbetalar 40% av full ordførargodtgjersle til ordføraren i permisjonstida. I tillegg utbetalar kommunen differansen mellom 60% av full ordførargodtgjersle og foreldrepengar. Kommunen betalar òg inn full pensjonspremie til KLP i permisjonstida.

I perioden 17.06.2019 – 24.10.2019 er varaordførar Øyvind Røen permittert frå undervisningsstillinga si og vil fungera som ordførar i 60 %. Han får difor utbetalt 60 % av full ordførargodtgjersle i heile

denne perioden, men kommunen betalar ikkje pensjonspremie for denne godtgjersla.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ordførar Knut Harald Frøland får innvilga 60% foreldrepermisjon i følgjande periodar:

- 17.06.2019 – 12.07.2019
- 12.08.2019 – 24.10.2019

Ordføraren må søkja NAV om å få utbetalt foreldrepengar i permisjonstida. Samnanger kommune utbetalar 40% av full ordførargodtgjersle til ordføraren i permisjonstida. I tillegg utbetalar kommunen differansen mellom 60% av full ordførargodtgjersle og foreldrepengar. Kommunen betalar òg inn full pensjonspremie til KLP i permisjonstida.

SAKNR. 015/2019: Prioritering av søknader 2019 - tilskot til lokale kulturarenaer

04.04.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 015/2019 Vedtak:

Samnanger kommune prioriterar søknadar til ordningar Tilskot til lokale kulturarenaer slik:

1. Ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus v/Nordbygda ungdomslag
2. Ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus v/Nordbygda ungdomslag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune prioriterar søknadar til ordningar Tilskot til lokale kulturarenaer slik:

1. Ombygging/rehabilitering av Nordbygda grendahus v/Nordbygda ungdomslag
2. Ombygging/rehabilitering av Nordborg ungdomshus v/Nordbygda ungdomslag

SAKNR. 016/2019: Årsmelding 2018 for kontrollutvalet

04.04.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 016/2019 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

SAKNR. 017/2019: Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 - Valdato

04.04.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 017/2019 Vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 vert i Samnanger kommune gjennomført på ein dag, måndag 09.09.2019.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 vert i Samnanger kommune gjennomført på ein dag, måndag 09.09.2019.